


LexicoNordica

Forfatter:	Tove Bull [<i>Målreising og morsmålsdokumentasjon - lesikografi som lingvistisk disiplin</i>]	
Anmeldt verk:	Bjørghild Kjelsvik, Christian-Emil Smith Ore, Lars S. Vikør, Åse Wetås & Dagfinn Worren (red.): <i>Målreising og morsmålsdokumentasjon. Heidersskrift til Oddrun Grønvik ved 70-årsleitet</i> . Oslo: Novus Forlag 2017.	
Kilde:	LexicoNordica 25, 2018, s. 259-271	
URL:	https://tidsskrift.dk/index.php/lexn/issue/archive	

© 2018 LexicoNordica og forfatterne

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Målreising og morsmålsdokumentasjon – leksikografi som lingvistisk disiplin

Tove Bull

Bjørghild Kjelsvik, Christian-Emil Smith Ore, Lars S. Vikør, Åse Wetås & Dagfinn Worren (red.): *Målreising og morsmålsdokumentasjon. Heidersskrift til Oddrun Grønvik ved 70-årsleitet*. Oslo: Novus Forlag 2017. 283 sider. Pris (innbunde): 240 NOK.

1. Opptakt

Tidlegare hovudredaktør i *Norsk Ordbok* Oddrun Grønvik fylte sytti år 18. august 2017. At ho ved dette høvet fekk eit stort og fint heidersskrift, redigert av gode kollegaer, er vel forrent. Frå tusenårsskiftet til prosjektet var avslutta, har ho vore ein sentral og stødig kraft i den fornyings- og påskundingsprosessen som blei sett i gang for redigering og utgjeving av *Norsk Ordbok*, kalla *Norsk Ordbok 2014*, ofte forkorta *NO 2014*.¹ Også Språkrådet har nytt godt av arbeidskrafta til Oddrun Grønvik, både før og etter at ho blei tilsett i ordboksprosjektet. Når det dessutan kan føyast til at ho har lagt ned mykje tid, arbeid og engasjement for nynorsk språk og kultur i og utanfor målrørsla, skjønner vi at tittelen på heidersskriftet treffer blink.

1 Arbeidet med *Norsk Ordbok* tok til i 1930. Påskundingsprosjektet blei sett i gang ved tusenårsskiftet med auka løyvingar frå Kulturdepartementet. Målet var at verket skulle vere fullført til 200-årsjubileet for Grunnloven i 2014. Det blei forseinka med to år.

2. Oversyn over heilskapen og presentasjon av første del i heidersskriftet

Heidersskriftet (eller festskriftet) er tredelt. Den første delen er svært personleg, så slik sett er denne delen noko atypisk for eit festskrift, som gjerne har med bibliografien til den som blir heidra, eventuelt noko om den faglege verksemda til vedkommande, men ikkje det private og familiære livet. I dette tilfellet er det mest personlege bidraget ein biografi over Grønvik med tittelen «Storesøster er 70», skriven av broren, Gunnvald Grønvik, med eit supplement av ei venninne frå skoletida. Det som legitimerer denne personleg vinkla biografien og gjer han interessant i ein samanheng som denne, er at forfattaren så tydeleg, både implisitt og eksplisitt, knyter saman det fagleg-profesjonelle arbeidet til Grønvik med den sterke kulturelle og målpolitiske forankringa som foreldra og familiebakgrunnen hennar representerer. «Stor arv det er for mannen (kvinna?) av godtfolk vera fødd», er eit sitat² som snøgt fell ein inn mens ein les. Attåt biografien er det med to stuttare artiklar i første delen, ein av Olaf Almenningen om Grønviks arbeid i målrørsla og ein av Åse Wetås om arbeidet til Grønvik i Språkrådet og i forløparen til Språkrådet, Norsk språkråd.

Del 2 består av fem artiklar om ordboksprosjekt Grønvik har vore engasjert i, først og fremst naturleg nok prosjektet NO 2014 og digitaliseringa av *Norsk Ordbok*, men også dei afrikanske språkdokumentasjonsprosjekta ho har vore involvert i, særleg i Zimbabwe.

Tredje og siste delen består av sju fagartiklar der seks av bidraga er skrivne av tidlegare kollegaer frå *Norsk Ordbok*. Alle desse sju artiklane handlar om ulike sider ved leksikografisk arbeid med vekt på problemstillingar som ordboksredaktørar møter og må finne løysingar på.

2 Sitatet er tatt frå A.O. Vinjes dikt «At far min kunne gjera».

I tillegg til desse tre delane er det til slutt tatt med ei innstilling om ordboks- og arkivarbeid som grunnlag for vitskapelege kvalifikasjonar (s. 249–260). Bak denne innstillinga, som er frå 1988–89, står ei nemnd ved Det historisk-filosofiske fakultet (frå 2005: Det humanistiske fakultet) ved Universitetet i Oslo. Når denne innstillinga er tatt med her, må det truleg sjåast på bakgrunn av den konflikten som oppstod på Institutt for lingvistiske og nordiske studium på slutten av prosjektperioden til NO 2014, og som vi kjem nærmare inn på nedanfor. Dagfinn Worren, som har skrivne ei kort innleiing til innstillinga, seier at dokumentet har vore ein viktig referanse for det vitskapelege arbeidet i dei ulike samlingsmiljøa ved Universitetet i Oslo. Desse såkalla språksamlingane omfattar leksikografisk og onomastisk dokumentasjon, og fagfolka som var knytte til desse samlingane, var såleis leksikografar og namnegranskarar. Worren legg til:

Innstillinga har vore ein av grunnføresetnadene for at NO 2014-prosjektet kunne sikre seg fullkompetente medarbeidarar i opptrappinga når den vitskapelege statusen for arbeidet var udiskutabel. (s. 250)

Grønviks bibliografi er også tatt med i denne siste tilleggsdelen av boka.

Eg har i denne meldinga vore mest opptatt av å beskrive artiklane i heidersskriftet. Da eg sjølv ikkje er leksikograf, vil eg nødvendigvis meg inn på kritikk av enkeltbidrag. Rett nok vil ein nok kunne finne implisitte vurderingar av enkeltartiklar i det som blir sagt. Dei antydde vurderingane eg kjem med, er jamt over positive. Å komme med negativ kritikk av arbeid i ein språkvitskapeleg disiplin eg sjølv ikkje arbeider innanfor, ville eg oppfatte som uttrykk for hybris, overmot. Det skal likevel seiast at eg har eit svært positivt inntrykk av boka som heilskap.

3. Del 2: NO 2014 og ALLEX-prosjektet

Del 2 blir innleidd med ein lang og grundig artikkel av Dagfinn Worren med tittelen «Fleirgenerasjonsverket Norsk Ordbok – frå nasjonsbyggjar til grunnlovsjubileumsprosjekt». Artikkelen er eit historisk oversyn over den lange arbeidsprosessen, frå 1930 til 2016, som ligg bak tolvbindsverket *Norsk Ordbok*. Storparten av artikkelen handlar om dei siste 20 åra om lag, det vil seie den tida som har gått frå det såkalla opptrappings- eller påskundingsprosjektet (altså NO 2014) blei sett i gang, til verket var fullført. Opptrappingsprosjektet kom i gang etter eit vedtak i Stortinget som førte til ein avtale mellom Kulturdepartementet og Universitetet i Oslo i 2001.

Jamvel om artikkelen til Worren er historisk basert, blir også redaksjonelle prinsipp for ordboksarbeid, styringsordningar i redaksjonen o.a. drøfta. Worren tar utgangspunkt i seks dilemma som det må finnast løysingar på i alt ordboksarbeid. Desse har han frå Lars S. Vikør (2011:178f.), og dei er:

- 1 effektivitet mot kvalitet
- 2 representativitet mot uttømmelegheit
- 3 eit allsidig sett av informasjonstypar mot konsentrasjon om det vesentlege
- 4 einskap over tid mot tilpassing til ytre krav og vilkår som endrar seg
- 5 forskning mot formidling
- 6 papiret mot elektronikken

Artikkelen drøftar korleis redaksjonen i *Norsk Ordbok* løyste desse dilemmaa og vurderer korleis dei involverte partane i og utanfor redaksjonen bidrog i prosessen.

For alle som er interesserte i ordbøker og ordboksarbeid generelt og *Norsk Ordbok* spesielt, er dette ein svært nyttig artikkel. Her vil det føre for langt å gå inn på han i detalj. Vi skal heller ikkje

komme så mykje inn på dei triste og turbulente siste par åra før verket var ferdig, da Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Universitetet i Oslo, som ordboka og språksamlingane sorterte under, vedtok å avvikle desse samlingane, noko som førte til store faglege motsetnader, oppseiingar, forseinkingar, rettssak og til slutt forlik, og heilt til slutt fest i Universitetets aula da bind 12 var ferdig og det komplette verket kunne lanserast og feirast. Men denne saka må nemnast fordi så mange av artiklane i del 3 har henne som bakteppe. Vikør (2016) gjer grundig greie for det som skjedde.

Dei aller siste sidene i Worrens artikkel er vigd Grønviks arbeid i *Norsk Ordbok* og også hennar engasjement i det såkalla ALLEX-prosjektet, eit samarbeidsprosjekt mellom det leksikografiske miljøet ved Universitetet i Oslo og eit morsmålsprosjekt ved Universitetet i Zimbabwe. Prosjektet var til gjensidig nytte og glede for partane. Worren hentar eit sitat frå Grønvik (2016:54) som viser til Emmanuel Chabata i ALLEX-prosjektet: «Dei afrikanske språka i Zimbabwe ville ikkje ha fått jamstelt status i grunnlova av 2013 utan ordboksarbeidet på 1990-talet.» Og Worren føyer til at for *Norsk Ordbok* var det ei gavepakke at språkressursane i ALLEX-prosjektet skulle utviklast på ei korpusbasert, fulldigital plattform.

Denne delen i festskriftet har også med ein eigen artikkel om ALLEX-prosjektet og oppfølgjaren CROBOL, «African Lexicography, Terminology and Living Heritage: impact of the ALLEX–CROBOL Projects», av tre av deltakarane frå Zimbabwe: Herbert Chimhundu, Langa Khumalo og Nomalanga Mpofo-Hamadziripi. Det som gjer denne artikkelen viktig og tankevekkjande, er det framtidsperspektivet forfattarane dreg opp for afrikanske språk versus kolonispråka i Afrika. Dei får tydeleg fram kor viktig språkleg infrastruktur og språklege ressursar og ikkje minst digitalisering av desse ressursane er for at desse språka skal ha ei framtid også som statsberande språk på det afrikanske kontinentet. Forfattarane gjev uttrykk for optimisme, og dei viser med fleire ek-

sempel at dei har grunn til å vere optimistiske. Dei understrekar at det arbeidet som er gjort i Zimbabwe, hadde ei emansipatorisk grunngeving (utan å bruke nett den nemninga), og at ordboksutgevingane har gjeve ringverknader også i andre afrikanske land, ringverknader som òg har hatt direkte emansipatorisk verknad, eller «impact» som dei omtaler det som.

Digitaliseringa av *Norsk Ordbok* skriv Christian-Emil Smith Ore om i ein artikkel med tittelen «Norsk Ordbok digital». I tillegg har redaksjonen fått trykt opp att ein artikkel av Grønvik og Ore, «What should the electronic dictionary do for you – and how?» Det vi lærer av desse artiklane, er at bak det trykte tolvbindsverket på papir og i bokform finst det ein heildigital redigeringsverkstad med ei rekkje kjelddatabasar. Den informasjonen som ordboksverket inneheld, kan altså presenterast på talrike andre måtar. Først står det att ein god del arbeid før *Norsk Ordbok* er heildigitalisert. Alfabetbolken I–Å er det som heiter «digitally born», mens digitaliseringa av dei første binda vil bli basert på såkalla retrodigitalisering. No ligg det praktiske ansvaret for å fullføre digitaliseringa på Universitetet i Bergen. Det er å håpe at prosessen skjer raskt. For at det skal kunne skje, må det sjølvstg statlege løyvingar til.

4. Del 3: Døme på leksikografisk arbeid, praktisk og teoretisk

Som nemnt er dei fleste artiklane i del 3 skrivne av tidlegare redaktørar i *Norsk Ordbok*. Kvar for seg tar dei opp ymse sider ved konkrete ordartiklar som forfatarane har arbeidd med. Artiklane gjev lesaren innsyn i praktisk og teoretisk leksikografisk arbeid. Det handlar om dilemma som må taklast, utfordringar det må takast stilling til, og problem som må løysast før ein ordartikkel er ferdigredigert. Først ute i denne bolken er Bjørghild Kjelsvik som skriv om «[s]amansetningar i norsk og leddeling i ordbøkene». Sa-

mansetningar er ei stor og mangslungen gruppe ord i norsk. Fire spørsmål står sentralt i drøftinga:

- 1 Korleis skal ein forstå samansetningar, og kva teoretisering over samansetningar finst i lingvistisk litteratur?
- 2 Samansetningar i ordbøkene – korleis vise oppbygginga?
- 3 Kva nytte har brukarane av delingsmerke?
- 4 Korleis blei leddeling utført i ordbanken,³ og kva var resultatet?

Artikkelen illustrerer tydeleg kor mange og komplekse problem ein ordboksredaksjon må ta stilling til, og kor vidtrekkjande konsekvensar ulike val vil kunne få.

Det same kan ein seie om dei andre artiklane som behandlar arbeidet med enkelte ordoppslag, Leiv Inge Aa om oppslagsordet *opp*, Madeleine Halmøy om *som*, Tor Erik Jenstad om verbet *taka*, Toril Opsahl om *vel*, Ellen Hellebostad Toft om *slik* og *sånn* og Lars S. Vikør om *skuld* vs. *skyld*.

Leiv Inge Aa skriv om *opp*, og konstaterer innleiingsvis at dess kortare orda er, dess lengre synest artiklane deira vere i ordbøkene. Småord som *opp* er ofte svært komplekse og har mange og ulike funksjonar. Tradisjonelt har ordet vore sett på som eit adverb. *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund, Lie & Vannebo 1997) karakteriserer det som ein preposisjon, mens Aa hevdar at ordet stort sett blir brukt som verbpartikkel. Han viser korleis klassifikasjonsmåten også får konsekvensar for struktureringa av ein ordartikkel om *opp* i ei ordbok. Så går han gjennom tydingsstrukturen til ordet og diskuterer problem som dukka opp under arbeidet med ordartikkelen. I konklusjonen sin prøver han å svare på to spørsmål: Kvifor kartlegge *opp*, og kven bryr seg? Svaret hans på

3 Norsk ordbank er ein elektronisk database av fullformer, altså leksikalske einingar med bøyingsformer. Ordbanken er drifta av Universitetet i Bergen og er frå 2011 tilgjengeleg via Språkbanken.

det første spørsmålet er at empirisk kartlegging og tolking som blir lagde fram i ordboksartiklar, kan danne utgangspunkt for teoretisk drøfting. Han føyer til at det finst nok av døme i teoretisk språkvitskap der empirien er faren over med harelabb, og slår fast at ei omfattande dokumentasjonsordbok openbert kan bøte på slike manglar. Svaret på det andre spørsmålet handlar om at «dokumentasjonsordbøker godt kan nyttast meir i språkvitskapleg arbeid, slik dei kan i populærvitskaplege, pedagogiske og private samanhengar» (s. 185).

I artikkelen «Leksikografi som språkvitskap» snur Halmøy opp ned på problemstillinga ved å formulere det konkluderande avsnittet sitt slik: «Språkvitskap som leksikografi». Denne vrien er det lett å tolke som eit argument i den striden som oppstod om språksamlingane mot slutten av prosjektperioden for NO 2014. Artikkelen er relativt teoritung, jamvel om – eller nettopp fordi – han tar utgangspunkt i det vesle ordet *som*. Iallfall indirekte er Halmøys artikkel eit forsvar for leksikografi som vitskap, og slik sett eit sterkt argument imot den argumentasjonen som blei brukt da Institutt for lingvistiske og nordiske studium vedtok å leggje ned språksamlingane. Sentralt i artikkelen står også eit forsvar for Saussures språkvitskap. Denne meldaren klarer ikkje å motstå den store freistinga det er å sitere Halmøys konkluderande merknader (s. 202) in extenso:

Et ordboksverk som tar på alvor det gjensidige avhengighetsforholdet mellom leksikalske oppslag og grammatiske regler, som legger kontekst til grunn for betydningsstrukturen og som redegjør for hvilke prinsipielle og overordna valg den (sic) har gjort for hver ordklasse, er derfor svært nær både den mest fullkomne og den mest vitenskapelig etterrettelige beskrivelsa (sic) og analysa (sic) en kan gi et enkeltspråk. I sin nåværende form er Norsk Ordbok som vel kjent ikke helt der, men den er helt klart det nærmeste

vi kommer her til lands, og den utgjør ikke minst et sjeldent godt utgangspunkt for å få det til nå som den uansett skal revideres og oppdateres.

Slike fullstendige beskrivelser av enkeltspråk er videre, ifølge Lazard (2008), ei nødvendig forutsetning for en så fullstendig typologi over verdens språk som mulig, noe som igjen er ei forutsetning for å eventuelt kunne avdekke flere universaler enn de som følger av begrensningen satt av vår kognitive og fysiske utrustning, altså for å fullt ut forstå språket som system. At de i tillegg, som Norsk Ordbok, nødvendigvis vil være historiske og nasjonale kulturskatter av de sjeldne, er fra et språkvitenskapelig synspunkt for en bonus å regne.

Taka-artikkelen av Tor Erik Jenstad begynner med å slå fast at verbet *ta(ka)* kan ha (minst) 30 ulike tydingar i norsk. Jenstad skriv mest om korleis han konkret gjekk fram da han arbeidde med artikkelen, først med å få på plass ein grovstruktur, så ei finare og meir nyansert inndeling. Neste steget bestod av semantisk sortering og utforming av sjølvve teksten, som i neste omgang måtte reduserast i omfang. At prosessar som desse tar svært lang tid, seier seg mest sjølv. For verbet *ta(ka)* hadde Jenstad nemleg meir enn 6000 belegg å arbeide med.

Toril Opsahl skriv om den pragmatiske partikkelen eller diskursmarkøren *vel*. Artikkelen sin har ho svært råkande kalla «–‘Vel’ er vel vel, vel? – Vel, vel». Ho argumenterer for at slike partiklar høyrer heime i ordbøker, og grunngjev dette i eit dialogisk språksyn der også data frå faktiske kommunikasjonssituasjonar må vere ein del av den empirien ordbøkene bygger på. Etter denne argumentasjonen kjem det Opsahl kallar ei mogleg og kan hende også rimeleg tolking av meiningsinnhaldet i overskrifta, som ho no set opp som ein stutt dialog, slik:

- ‘Vel’ er vel vel, vel?
- Vel, vel

Og slik tolkar ho denne dialogen (s. 220):

«Stemmer det ikkje at vi er einige om at ordet ‘vel’ ganske enkelt har det meiningsinnhaldet vi alle veit at det har?» Og svaret lyder: «Takk for dette. Du kan sjølvsagt ha rett, men eg er sannelig ikkje så sikker på det, for eg har grunn til å tru noko anna.»

Resten av artikkelen gjer greie for redigeringa av oppslagsordet *vel* i *Norsk Ordbok*. Det skal seiast at dette er ein svært velskriven og innsiktsfull artikkel, som i tillegg er humoristisk og riktig morosam å lese.

Ellen Hellebostad Toft illustrerer leksikografiens rolle gjennom arbeidet sitt med ordartiklane *slik* og *sånn*. Også ho tar utgangspunkt i den debatten som gjekk føre seg om leksikografiens rolle i språkvitskapen da ordboksprosjektet gjekk mot slutføring og instituttet ikkje lenger ville ha ansvaret for språksamlingane. Ho argumenterer som fleire andre for at leksikografisk forskning har same verdi som teoretisk lingvistikkforskning. I argumentasjonen sin bygger ho på Vikør (2016), som tar utgangspunkt i at det i språkvitskapen har eksistert eit skilje mellom språkforskarar som legg hovudvekta på empiri og altså faktisk språkbruk, og dei som har hovudfokuset sitt på teori. Det er her ikkje snakk om eit anten–eller, men om ulik vektlegging. Det er skilnad på å – på den eine sida – ha fokus på dokumentasjon av språkbruk og bruke teori som middel for å handsame og tolke empirien, og – på den andre sida – å sjå på teori som det eigentlege målet med forskinga og empiri som noko sekundært der data blir eit middel for å teste teoriane. Som Vikør argumenterer Toft godt for at det må vere målet med forskinga som avgjer kor hovudfokuset skal vere;

ordboksredaktørar vil nødvendigvis måtte leggje hovudvekta på dokumentasjon.

Slik og *sånn* er funksjonsord som i ordbokssamanheng står i ein annan situasjon enn reine innhaldsord der det semantiske innhaldet gjerne er meir handfast og konkret. Jamvel om det finst ein overflod med døme, er det vanskeleg å gje ei generaliserande beskriving av det semantiske innhaldet i desse orda. Toft fortel korleis ho gjekk fram da ho redigerte orda, samstundes som ho får vist korleis ho under arbeidet kom fram til at *slik* og *sånn* slett ikkje alltid er synonyme.

Siste artikkelen i denne bolken er skriven av Lars S. Vikør. Han handlar om *skuld* og *skyld* med avleiingar. Forholdet mellom desse orda har alltid vore komplekst i nynorsk, noko Vikør får vist i ein kort historisk gjennomgang der han refererer til eldre ordbøker, frå Ivar Aasens *Norsk Ordbog* (1873) til *Nynorskordboka* (2006). Delvis har desse to formene hatt status som jamstelte former av same leksem, delvis har dei vore to ulike ord med ulike tydingar. På bokmål finst berre *skyld*, og det same er tilfellet i fleire dialektar. I tillegg har det sjølvstgt skjedd ei utvikling i dei dialektane som på ein eller annan måte skil mellom dei to orda formelt og/eller semantisk. Vikør tar for seg substantiva *skuld*–*skyld*, adjektiva *skuldig*–*skyldig*, negasjonen *uskuldig*–*uskyldig*, substantiva *skuldnar*–*skyldnar*, verba *skulda*–*skylda*, *skuldast*–*skyldast*, enkeltsubstantivet *skyldnad* (med tyding ‘plikt’), substantiva *skulding*–*skylding* (som er to ulike ord og ikkje variantformer av same ordet), enkeltordet *skyldskap* (som betyr ‘slektskap’) og samansetningar med desse orda, i tur og orden. Jamvel om ein no i skriftleg nynorsk kan bruke *skyld* overalt, måtte sjølvstgt ordboka føre opp alle variantformene som er dokumenterte, og vise det mønsteret som har grunnlag i reell språkbruk, både i skrifttradisjonen og i målføra. Gjennomgangen til Vikør viser dette mønsteret slik det iallfall kjem til uttrykk i skrifttradisjonen; han slår fast at mønsteret i talemåla neppe er skikkeleg undersøkt og kan ha vore skiftande over tid.

5. Sluttord

Som nemnt spøker instituttvedtaket frå 2014 i bakgrunnen i mange av dei artiklane som gjer greie for arbeidet med enkeltoppslag til *Norsk Ordbok*. Det er lett å forstå. Dels representerte dette vedtaket eit brot med ein langvarig tradisjon og med ein avtale med Kulturdepartementet, og dels representerte det ei fagleg underkjenning av ordboksarbeid som språkvitskapleg forskning, og dermed også ei nedvurdering av dei som arbeider med leksikografi og produserer ordbøker. Da er det gledeleg å kunne konstatere at mange av artiklane i festskriftet dokumenterer meir enn klart nok at det synet på språkvitskap som låg til grunn for vedtaket i 2014, er forfeila. For ein ikkje-leksikograf utan erfaring med ordboksarbeid har det vore lærerikt å lese om kor lingvistisk komplekst ordboksarbeid faktisk kan vere, kor mykje språkstrukturkunnskap ein ordboksredaktør må sitje inne med, og kor mange dilemma som må handterast i prosessen frå konkrete døme til ferdig ordartikkel. Praktisk ordboksredigering som dette heidersskriftet gjev mange døme på, bygger på grundige språkvitskaplege kunnskapar og føreset innsikt i grammatiske og pragmatiske forhold, både diakront og synkront. I tillegg dokumenterer fleire av artiklane i dette heidersskriftet at slikt arbeid også genererer ny kunnskap og ny innsikt.

Litteratur

- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie & Kjell Ivar Vannebo (1997): *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grønvik, Oddrun (2016): Vitskaplegheit og samfunnsrelevans for store ordboksverk. I: Asgerd Gudiksen & Henrik Hovmark (red.): *Nordiske Studier i Leksikografi* 13. København: Nordisk Forening for Leksikografi, 129–141.

- Lazard, Gilbert (2008): Vers une typologie scientifique. I: *La linguistique* (2 Vol. 44), 13–24.
- Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet.* 1–12. 1930–2016. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Nynorskordboka* (2006). Marit Hovdenak et al. (red.). 4. utgåva. Oslo: Samlaget.
- Vikør, Lars S. (2011): Fleirgenerasjonsordbøker og tida. I: Olaf Almenningen, Marit Hovdenak & Dagfinn Worren (red.): *Lars S. Vikør. Språk og samfunn – heime og ute. Festskrift til Lars S. Vikør.* Oslo: Novus forlag, 165–180. Først prenta i 1997.
- Vikør, Lars S. (2016): Språkdokumentasjon og språkforskning. To sider av same sak eller to saker? I: Helene Urdland Karlsen, Lars S. Vikør & Åse Wetås (red.): *Livet er æve, og evig er ordet. Festskrift til Norsk Ordbok 1930–2016.* Oslo: Det Norske Samlaget, 15–39.
- Aasen, Ivar (1873): *Norsk Ordbog med dansk Forklaring.* Christiania: P.T. Mallings Boghandel.

Tove Bull
professor emerita
UiT Noregs arktiske universitet
NO-9037 Tromsø
tove.bull@uit.no